



J.H Nævdal Bygg AS  
Leirvikåsen 41 A  
5179 GODVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4339 - 16/505

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
11.01.2016

## Løyve til endring av ansvarsrettar - gbnr 195/187 Leiknes.

**Administrativt vedtak. Saknr: 014/16**

**Tiltakshavar:** Lindås kommune  
**Ansvarleg søkjar:** J. H. Nævdal Bygg AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknader om endring av ansvarsrettar godkjend i løyve datert 26.09.2012.  
Det vert vist til søknad mottatt 21.12.2015.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 21.12.2015 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

#### Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Føretaket **J: H: Nævdal Bygg AS**, org.nr. 952 971 352, har søkt ansvarsrett som **ansvarleg søkjar (SØK)**. Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Sartor VVs AS**, org.nr. 977 494 893, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **prosjekterande (PRO) i tiltaksklasse 2 for stikkleidningar, innvendig sanitæranlegg, radiatoranlegg og VA-anlegg og avløpsleidningar**.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet. Det er ikkje søkt om lokal godkjenning eller på anna måte dokumentert tilstrekkelege kvalifikasjonar slik at kommunen kan vurdera søknaden om ansvarsrett. Ny søknad/erklæring om ansvarsrett med tilstrekkeleg dokumentasjon vert å senda inn.

Føretaket **Sartor VVS AS**, org.nr. 977 494 893, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførande (UTF) i tiltaksklasse 2 for stikkleidningar, innvendig sanitæranlegg, radiatoranlegg og VA-anlegg avløpsleidningar**.



Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Fana Entreprenørforretning AS**, org.nr. 980 343 006, har søkt ansvarsrett for ansvarsområdet **utførende (UTF) for grunnarbeid og landskapsutforming i tiltaksklasse 2, skildra som etablering av veg og grøfter i veg.**

Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Kommunen forstår det slik at Siv. Arne Haugen VVA-prosjektering sin ansvarsrett for prosjektering av veganlegg ikkje er søkt endra. Dette går ikkje fram av den reviderte gjennomføringsplanen som følger søknaden. Oppdatert gjennomføringsplan må sendast inn.

## VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen avslag på søknad om ansvarsrett for føretaket SARTOR VVS AS for ansvarsområdet som gjeld prosjektering av VA-anlegg og avlaupsleidningar i tiltaksklasse 2 då det ikkje er søkt om lokal godkjenning eller dokumentert at føretaket har tilstrekkelege kvalifikasjonar for å kunne godkjennast.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL.	ANSVARSDOMRÅDE
SØK	J.H. Nævdal Bygg AS	952 971 352	S	1	Ansvarleg søker
UTF	SARTOR VVS AS	977 494 893	S	2	Stikkleidningar, innvendig sanitæranlegg, radiatoranlegg, VA-anlegg og avløpsleidningar
UTF	Fana Entreprenørforretning AS	980 343 006	S	2	Grunnarbeid og landskapsutforming – etablering av veg og grøfter i veg.

\*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Siv. Arne Haugen VVA-prosjektering sin ansvarsrett som ansvarleg søker og Alversund Maskinstasjon AS sin ansvarsrett for graving går ut.

Oppdatert gjennomføringsplan vert å senda inn.

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av SAK kapittel 10.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klaga over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/4339

## Ansvar

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

## Bortfall av løyve

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

## Avfall

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

## Ferdigstilling

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

*Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.*

*Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.*

*Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.*

*Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:*

- *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.*
- *Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.*
- *Avkjørsle til offentleg veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.*
- *Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.*
- *Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.*

## GEBYR

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt handsaming – endringsløyve	1	Kr 2 900,-
10.2.9a	Godkjenning av ansvarsrett per føretak med sentral godkjenning	3	Kr 3 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 5 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngeven.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Kopi til:

Lindås kommune

### Mottakarar:

J.H Nævdal Bygg AS

Leirvikåsen 41 A 5179

GODVIK